

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 140, FE - 144, HistSak - 13/321	14/308

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014
033/2014	Kommunestyret	PS	19.06.2014

Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 - 2019 - høyring og offentlig ettersyn

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Status trafikksikringsplan 2000-2003

Vedlegg 3 - Oppsummering arbeidsmøte m politi vegvesen og formannskap 13 mai

Vedlegg 3 - Oppsummering arbeidsmøte m politi vegvesen og formannskap 13 mai

Vedlegg 3 - Oppsummering arbeidsmøte m politi vegvesen og formannskap 13 mai

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, jf § 11-4, vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015 – 2019 sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er behov for å revidere (endre) gjeldane Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune. Oppdatert plan er ein føresetnad for å få støtte til trafikksikringstiltak i kommunen.

Det vart meldt oppstart av planarbeidet etter vedtak i kommunestyret den 12.06.2013. Det vart gjort følgjande vedtak:

Arbeidet med trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2013-2025 vert starta opp. Trafikksikringsplanen er heimlal i vedteken planstrategi, og kommuneplanen for Masfjorden kommune, samfunnsdelen og planskildringa. Trafikksikringsplanen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova §11-1, 3.ledd.

Arbeidet vert organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe nedsett av rådmannen saman med ekstern konsulent. Leiargruppa i kommunen vert referansegruppe.

Gjeldande Trafikksikringsplan (TS-plan) for Masfjorden kommune år 2000 – 2003 vart vedteke av kommunestyret den 30.11.2000 som sak 119/00. Denne planen er å sjå på som utdatert og kan ikkje

lenger nyttast som heimel for å søke om medfinansiering for identifiserte tiltak i planen. Dessutan har det kome opp fleire moment som burde vore analysert etter at TS-planen vart vedteken.

Masfjorden kommune vedtok kommunedelplanen 31.05.2012. I samfunnsdelen er utarbeiding av TS-plan for kommunen lista som hovudtiltak under delmål 1, kommunal veg (side 62). Dette er tatt vidare i planstrategidokumentet som vart vedteke i kommunestyret 30.10.2012 der utarbeiding av TS-plan er lista som pkt 4 under overskrifta Lokalsamfunnsutvikling, folketalsauke og bustadbygging.

Fakta

Oppstartsvedtaket vart sendt aktuelle høyringspartar den 19.06.2013 med frist for å kome med innspel sett til 26.09.2013. Det kom inn 29 innspel som er summert opp og kommentert i vedlegg 2.

Innspela kan grovt delast i 3:

- Tiltak knytt til E39 som mykje gjeld ferdigstilling av E39 gjennom bygdene Matre, Trodalen og Haugsvær slik at forholda er tilfredstillande for både gjennomgangstrafikken og dei mjuke trafikantane som må ferdast langs – eller krysse – E39. Innspela gjeld og lys i Andåskrysset (Lindås kommune).
- Tiltak knytt til areal som inngår i gjeldande reguleringsplan særleg problematikk knytt til trafikktilhøve ved barnehagar, skular og kommunale einingar. Dette gjeld og parkeringstilhøve for brukarar og tilsette.
- Andre tiltak som kvite tunnelar og fartsgrenser samt strekke og enkeltkryss / busstopp som vert opplevd som utrygge.

Fleire av innspela gjeld tiltak som vil bli vidareført frå «gamal» plan.

Vurdering

Trafikksikringsutfordringar i Masfjorden kommune i dag er stort sett like dei ein fann ved utarbeiding av «gamal» plan for det overordna vegnettet og resten av fylkesvegnettet. E39 er ikkje ferdigstilt gjennom kommunen med tanke på mjuke trafikantar og kryssing av stamvegen. Kartlegging av ulukkespunkt langs fv 570 er gjort med tiltaka er ikkje gjennomført. Tiltaka for kommunal veg er stort sett gjennomført. Status for tiltaka lista i «gamal» plan er summert opp i vedlegg 1.

Handlingsskapande arbeid som er etablert i etterkant av «gamal» plan fungerer godt og må vidareførast.

Trafikksituasjonen rundt barnehagar, skular og kommunale einingar må utbetrast. Dette er mykje knytt til parkering og bringe- hente situasjon og skulebuss. Dette er i viktig utfordring for kommunen å løysa snarast.

Eit av hovudfokusa i TS-planen er trygg skuleveg for dei som går og sykklar til skulen. Her bør hovudfokus vere på strekke: ferjekaien – Varleite . Det er og tilhøve rundt dei andre to skulane som bør ha fokus. For Nordbygda er fleire tiltak i prosess (desse er ikkje planavhengig), mens det tiltaka for Matre er nedfelt i reguleringsplan og klar til utføring.

Gjennom arbeidet med utarbeiding av TS-planen er det gjennomført synfaring og arbeidsmøte med formannskapet. Referat frå dette møte er lagt ved som vedlegg 3. På synfaringa og arbeidsmøte vart særleg tema som fart og sideterreng debattert. Sideterreng er viktig for å betre siktilhøva slik at mjuke trafikantar kan føle det tryggare å ferdast langs vegen. Fokus på sideterreng som støypekantar

og rekkverk kan og minke skadeomfanget ved eventuell utforkøyning.

Tiltaka lista i TS-planen for E39 og fv 570 krev eit nært samarbeid med vegvesenet. Fleire av tiltaka er kostnadskrevjande tiltak og må inn på ordinære budsjettprosessar. For mindre fysiske trafikksikringstiltak har Hordaland fylkeskommune etablert søknadsordning med søknadsfrist i slutten av mai kvart år. Det er krav om oppdatert TS-plan og prioritert handlingsplan for å kunne søke om desse midlane.

Konklusjon

Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015 – 2019 med 3 vedlegg vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre.

Formannskapet - 042/2014

FS - behandling:

Konsulent Lovisa Midtbø som har jobba i lag med rådgjevar Anne Kristin Rafoss med planen, møtte til denne saka og orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, jf § 11-4, vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015 – 2019 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre.

Kommunestyret - 033/2014

KS - behandling:

Det var 16 medlemmer tilstades under handsaming av saka.

Ordførar Karstein Totland orienterte om at denne saka ikkje skulle vore på saklista til dagens møte sidan planen skal ut på høyring og vil koma til kommunestyret etter det.

Marit Steinestø, KrF, gjorde framlegg om at ein tek planen til orientering.

Røysting:

Framlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret tek tilrådinga frå formannskapet til orientering.

KS - vedtak:

Kommunestyret tek Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015 - 2019 til orientering.